

Styreleiar Kenneth Langvatn (ordfører i Giske kommune)  
Nestleiar Sølvi Dimmen (ordfører i Volda kommune) – tiltredde klokka 12:55  
Styremedlem Vebjørn Krogsæter (ordfører i Haram kommune)  
Styremedlem Håkon Lykkebø Strand (ordfører i Ålesund kommune)  
Styremedlem Jessica Gärtner (varaordfører i Ålesund kommune)

Fråfall:

Styremedlem Terese Jemtegård Moen (ordfører i Fjord kommune)  
Styremedlem Bernt Brandal (ordfører i Hareid kommune)

## Referat frå styremøte nr. 2-2026

**Dato:** 20. mars 2026

**Tid:** kl. 12.25-14.50

**Stad:** Nordic Wildfish, Giske kommune

### **Sak 10/26: Velkomen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt**

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Gärtner meldte inn ein sak om IKA til eventuelt.

Vedtak: Innkallinga blir godkjend.

### **Sak 11/26: Orientering om Nordic Wildfish**

Ved CEO Anders Bjørnerem

Denne saka kom før møtet blei sett. Anders Bjørnerem orienterte om utviklinga av Nordic Wildfish og betydninga av fiskerinæringa i Giske kommune, som har over 30 prosent av den havgåande fiskeflåta i Noreg. Det utgjer om lag 680 arbeidsplassar på havet. Med andre ord ei hjørnesteinsbedrift i kommunen, sjølv om den ikkje er synleg i lokalsamfunnet på same måtar som andre næringsaktørar.

Vedtak: Orienteringa takast til vitande.

### **Sak 12/26: Godkjenning av referat frå styremøte nr. 1-26**

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Vedtak: Referatet frå styremøte nr. 1-26 blir godkjend.

## Sak 13/26: Budsjettjustering

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Styreleiar gjorde greie for bakgrunnen for saka om budsjettjustering:

I sak 51/25 tilrådte styret følgande: «Styret anerkjenner behovet for å justere rammevilkåra for regionrådet og vil rå representantskapet til å be om ei budsjettjusterings sak våren 2026.»

Dette blei følgd opp i sak 43/25 der representantskapet vedtok at dei «ber om ei budsjettjusterings sak våren 2026».

I styremøte nr. 1-26, sak 6/26 blei følgande vedtak fatta: «Styret ber administrasjonen utarbeide eit justert forslag til budsjett, der konsekvensane av ein reduksjon på 35 % synleggjerast. I det ligg det ei vurdering av konsekvensane for realisering av den nyleg vedtekne strategien.»

Sølvi Dimmen tiltredde klokka 12:55.

Dagleg leiar gjorde greie for kor vidt ei slik innsparing var mogleg, konsekvensane av dette og presenterte eit forslag til justert budsjett med lågare innsparing enn 35 prosent.

Dagleg leiar presenterte to alternative forslag til tilråding:

«

1. Styret rår representantskapet til å ikkje gå vidare med budsjettjusteringa, og vidareføre dagens budsjett slik det er.»

«

2.
  - Styret anerkjenner at det opphavelege kravet til innsparing var for stort, og rår difor representantskapet til å justere budsjettet ned med høvesvis 14 prosent i 2026 og 31 prosent frå og med 2027. Styret rår representantskapet til at det justerte budsjettet, slik det ligg føre, blir vedteken.
  - Styret legg til grunn at administrasjonen får auka midlar til kjøp av eksterne tenester ved behov.
  - Styret anerkjenner at ein slik reduksjon ikkje er mogleg å få til utan nedbemanning, og ber difor dagleg leiar om å greie ut og vurdere dei personalmessige konsekvensane av vedtaket, før saka leggest fram for endeleg handsaming i representantskapet.»

Styret anerkjente belastninga ei slik nedstyring kan medføre for dei tilsette i selskapet, og vil så langt det lar seg gjere søke å unngå nedbemanning. Samstundes gav styret uttrykk for at det vil vere vanskeleg å realisere et justerte budsjettkrav på dette nivået, utan personalmessige konsekvenser.

Styret forslø eit omforeint forslag til tilråding:

«

- Styret rår representantskapet til å justere budsjettet ned med høvesvis 14 prosent i 2026 og 31 prosent frå og med 2027. Styret rår representantskapet til at det justerte budsjettet, slik det ligg føre, blir vedteken.
- Styret anerkjenner at ein slik reduksjon ikkje er mogleg å få til utan reduksjon i årsverk, og ber styreleiar orientere dei tilsette.

»

Dette forslaget blei samrøystes tilrådd.

#### Tilråding:

- Styret rår representantskapet til å justere budsjettet ned med høvesvis 14 prosent i 2026 og 31 prosent frå og med 2027. Styret rår representantskapet til at det justerte budsjettet, slik det ligg føre, blir vedteken.
- Styret anerkjenner at ein slik reduksjon ikkje er mogleg å få til utan reduksjon i årsverk, og ber styreleiar orientere dei tilsette.

#### **Sak 14/26: Val av representant til styret for Møre og Romsdal 110-sentral Ålesund KF**

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Jf. vedtektene for Møre og Romsdal 110-sentral Ålesund KF skal medlem med personleg vara frå regionråda veljast etter forslag frå regionrådet.

Harry Valderhaug har vore vara til Møre og Romsdal 110-sentral Ålesund KF og må erstattast. I tillegg er det gjort nyleg endring i styresamansetninga pga. kjønnsbalansenvedtak. I det vedtaket låg det at «Dersom Sunnmøre regionråd skulle endre sin oppnemning av varamedlem frå mann til kvinne, fell kommunestyret sitt vedtak om endring av varamedlem vekk, og opprinneleg vald varamedlem Thor Hansen held fram i vervet som varamedlem.»

Turid Humlen hadde takka ja til å vere kandidat til vervet som ny varamedlem.

Vedtak: Turid Humlen erstattar Harry Valderhaug som vara til styret for Møre og Romsdal 110-sentral Ålesund KF.

#### **Sak 15/26 Innspel til Helsereformutvalet**

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Regjeringa oppnemnde 25. august 2025 [Helsereformutvalget](#). Utvalet skal greie ut og foreslå modellar for å sikre ei samanhengande og berekraftig helse- og omsorgsteneste.

Helsereformutvalget skal levere rapporten sin innan 1. november 2026.

Vedtak: Styret vedtok følgende innspel:

*Sunnmøre regionråd er opptatt av at innbyggerane i Møre og Romsdal skal få eit likeverdig tilbod om spesialisthelsetenester som resten av landet. Vi opplever at dagens organisering av spesialisthelsetenestene gjennom regionale helseføretak gir sterk byråkratisk makt og styring og bidreg til sentralisering av sjukehusstilbod og økonomi. Modellen med regionale helseføretak går for langt i at spørsmål som grunnleggande sett er politiske eller som handlar om fagleg kvalitet blir avgjort av byråkrati som styrer etter eigen regional inntektsfordelingsmodell og eige skjøn.*

*Sunnmøre regionråd foreslår å legge ned dei fire regionale helseføretaka og la staten ved Helse – og omsorgsdepartementet eller Helsedirektoratet overta rolla deira. Staten vil slik kunne ta eit meir direkte ansvar for spesialisthelsetenestene og sjå til at tilbodet blir likeverdig i heile landet.*

*Gjennomføring av nasjonal helsepolitikk vil kunne forenklast med ein enklare styringsstruktur. I 2011 vart det gjennomført ei samanslåing av dei to helseføretaka i Møre og Romsdal til eitt felles helseføretak, ein helseregion i miniatyr med dagens tre sjukehus og eitt distriktsmedisinsk senter. Dette reiser i seg sjølv spørsmål om behovet for eit regionalt helseføretak med base i Trøndelag som eit mellomledd mellom Helse- og omsorgsdepartementet og Helse Møre og Romsdal.*

*Lokaldemokratisk kontroll kan ivaretakast gjennom at folkevalde frå opptaksområda for dei lokale helseføretaka blir representert i styra for dei lokale helseføretaka.*

*Sunnmøre regionråd meiner at framtidig finansieringsmodell for helseføretaka må skilje mellom investering og drift. Rammefinansiering må utgjere hovuddelen av helseføretaka sine inntekter.*

*Det må leggjast opp til å styrke eit likeverdig samarbeid mellom spesialisthelsetenestene og kommunane sine helse- og omsorgstenester om planlegging knytt til tenestene og pasientane.*

### **Sak 16/26 Fast sak om helse**

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

- Dagleg leiar gjorde greie for prosessen med mogleg anskaffing av ekstern revisjon.
- I tillegg blei den nye aksjonsgruppa «Behold sykehusene i Møre og Romsdal!» omtalt, der regionrådet er invitert inn. Administrasjonen vil vere med som observatør på neste møte i aksjonsgruppa. Lykkebø Strand bad styret ta stilling til om regionrådet kan ta ansvar for å samle støtte frå ordførarane i fylket, som del av aksjonsgruppa sitt arbeid, noko styret stilte seg positiv til.

Vedtak: Styret tek orienteringa til vitande.

### **Sak 17/26 Utpeiking av kandidatar til regjeringsoppnemnd utval**

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Sunnmøre regionråd blei invitert til å foreslå kandidatar til eit utval som skal vurdere norske lønsvilkår på cruiseskip som har Noreg som hovuddestinasjon.

Styret handsama saka per e-post.

Vedtak: Sunnmøre regionråd foreslår følgande kandidatar, éin mann og éi kvinne, til utvalet:

- Jessica Gärtner
- Sverre Øvrelid Steen

### **Sak 18/25: Fast orientering frå dagleg leiar**

Ved dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

Dagleg leiar gjorde greie for utviklinga i saka om nytt fengsel på Sunnmøre. Det har m.a vore møte med Oslo Economics/Kriminalomsorgsdirektoratet i samband med utvikling av nytt konsept for mindre fengsel. Prosessen der går raskt, og administrasjonen har også vore i dialog med aktørar rundt Mosjøen fengsel, for å finne saman der ein kan.

I tillegg blei kunnskap om status for kraftsituasjonen tatt opp, etter initiativ frå ein av medlemskommunane. Dette er i tråd med regionrådet sin strategie, og ligg inne i årsplanen med oppstart seinare i år.

Vedtak: Styret tek orienteringa til vitande.

### **Sak 19/25: Eventuelt**

Gärtner orienterte om møtet i representantskapet i IKA, der prosessen med lokasjon av nytt bygg var tema.

Styret tok orienteringa til vitande.

Med venleg helsing

Kenneth Langvatn  
styreleiar

Sverre Øvrelid Steen  
dagleg leiar

Kopi:

1. vara Lena Landsverk Sande (varaordfører i Vanylven kommune)

2. vara Jarle Strømmegjerde (varaordfører i Sykkylven kommune)
3. vara Tove Halse Digernes (varaordfører i Ørsta kommune)
4. vara Einar Arne Ekroll (varaordfører i Sande kommune)
5. vara Lisa Mari Breivik Anderson (varaordfører i Ulstein kommune)

Leiar av representantskapet i Sunnmøre regionråd Turid Humlen (ordfører i Sula kommune)